

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtek vedlagt funksjonsprogram og romliste for nye Kvam vidaregåande skule innafor ei økonomisk totalramme for prosjektet er 328,6 millionar i 2021- kroner.
2. Vidare prosjektgjennomføring føreset at utbygginga blir prioritert i investeringsprogrammet i økonomiplanen.
3. Fylkeskommunedirektøren får ansvar for å utarbeide avtale med Kvam herad om sameige og sambruk for det nye anlegget.
4. Fylkestinget ber om at vedtaket til rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) vert vektlagt i det vidare arbeidet.
5. Fylkestinget viser til fylkestingssak 150/20 Open skule prinsippet ved dei vidaregåande skulane og ber om at open-skule-prinsippet får ein sentral plass i det vidare arbeidet med romprogram og sambruk med Kvam herad.
6. Fylkestinget er positivt til at Kvam vidaregåande skule og avdeling for opplæring og kompetanse ser på mogleheitene for å knyte skulen enda nærmare til det lokale arbeids- og næringslivet.